

Forum for vitenskap og demokrati



Forum for vitenskap og demokrati er et åpent debattseminar arrangert av satsingen Demokrati og rettsstat ved Universitetet i Bergen.
www.uib.no/fg/demrett



Fleirfagleg forskning og undervising - fagre ord men mislukka praksis?

Professor Knut Holtan Sørensen og professor emeritus Jan F. Bernt diskuterer kvifor fleirfagleg forskning er blitt eit honnørord utan innhald.

I etterkrigstida har det vore ein kontinuerleg vekst i talet på fag og fagleg baserte institutt ved universiteta. Samstundes blir fleirfagleg samarbeid og tematisk organisert forskning på tvers av fag lovprisa både av forskingsråd og av dei som er opptekne av forskinga sin relevans.

Professor ved NTNU, Knut Holtan Sørensen, har i lengre tid arbeidd med dette temaet og har sjølv utvikla undervisningsfag i møtet mellom teknologi -og samfunnsfag.

På dette møtet i Forum for Vitenskap og Demokrati vil han drøfte kvifor det er så vanskeleg å få til fleirfagleg samarbeid både om undervising og forskning. Universitetet prøver no i større grad enn før å legge til rette for dette – men vil vi få det til når heile organisasjonen er retta inn mot fag og fagleg karriere?

UiB søker no å organisere fleirfagleg innsats i samspel med «brukarane» (såkalla «clusters») eller som problemorientert grunnforskning, t.d. innan Det medisinske fakultetet med samanslåing av UiBGlobal og Senter for internasjonal helse.

Er dette vegen å gå? Professor emeritus Jan F. Bernt ved det Juridiske fakultetet i Bergen vil kommentere innlegget til Holtan Sørensen. Som tidlegare rektor har han erfaring med ei rekke forsøk med slikt arbeid. Kanskje er det fakultetsnivået som mest hindrar fleirfagleg fornying? Bør fakulteta leggast ned?

Tid: Torsdag 28. april kl. 14.15 - 16.00

Sted: Christie Godt brød matverksted (Christie Café)

Møteleiar: Tor Halvorsen